

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: QPJP5Y

Registrert dato: 17.02.2020 20:28:17

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Uttalen blir gjeven

Personleg

På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Sæbjørg Hageberg og Ole

Etternamn

Kjeka

Adresse

Røsvikhaugane 18

Postnummer	Poststad
5914	ISDALSTØ

Telefon

E-post

sebkjek@gmail.com

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

Detaljregulering Manger aust

Områderegulering Midtmarka-Rotemyra

Uttale

Det er mange gode kvalitetar som er skildra i planframlegget for Midtmarka og Rotemyra, og det manglar ikkje på positive formuleringar i planframlegget. Sjølv det som er direkte negativt, som påverknad på friluftsliv, blir kalla «litt positivt», og det vert framstilt som om det kjem til å gå dårlig med kommunesenteret Knarvik om ikkje Midtmarka og Rotemyra på Flatøy vert bygd ut. Av ulike grunnar er vi heilt usamde i den framstillinga.

1. Vegen til Håøy er halve turen

Sjølv om planframlegget viser ein såkalla «korridor» rundt stien frå parkeringsplassen på Flatøy til Håøy, vil eit buområde like ved påverka på mange måtar. Det er planlagt inn ein veg som skal kryssa stien, og bustadområda ligg like opp til «Skøytedammen» som i dag er ei roleg perle langs stien. Å gå på tur er ikkje berre å ha sti under føtene. Det er også naturopplevinga som lokkar. Også 500 bueiningar vil påverka dette enormt. Til samanlikning er det alleine 50 % av den bustad-massen som i dag er i Knarvik. 3000 bueiningar er tre gonger meir enn det er i Knarvik i dag...

2. Knarvik og Frekhaug er viktige tettstader

Per februar 2020 er det altså under 1000 bueiningar i Knarvik, men planane for Knarvik opnar for mange fleire bustader i dette området (ca. 2500). I Frekhaug-området har det vore ei stor utbygging dei siste åra, og det er meir under planlegging. Om ein reknar at det bur 2,5 personar i kvar bustad, vil ein berre i dette området ha meir enn nok plass til den folkeveksten ein reknar med skal koma i heile Alver dei neste tiåra. På bakgrunn av dette er det direkte feil når det i planframlegget blir hevda at utbygginga på Flatøy er ein føresetnad for utvikling av Knarvik som eit attraktivt og konkurransedyktig knutepunkt i Nordhordland.

3. Flatøy er ei øy med tre bruer omkring

...og i følge Statens Vegvesen skal det bli minst fire når E 39 blir utbygd, eit prosjekt som både i utbyggingsfasen og etter utbygging vil ha store konsekvensar for nærområda. Dersom Midtmarka og Rotemyra skal bidra til å byggja ein samanhengjande bystruktur frå Mjåtveit til Gjervik eller Alversund, blir det i alle fall ikkje samanhengjande slik vi tradisjonelt forstår dette ordet. I staden vil det bli ein ny tettstad i konkurranse med dei to som alt er der, og ein må byggja opp ein heilt ny infrastruktur. Dette er veldig krevjande, og alle som har hatt noko med offentlege bygg å gjera, veit at ein eventuell ny skule på Flatøy ligg langt fram i tid. Før den tid skal det byggjast ungdomsskule på Frekhaug,

og truleg må det byggjast ut i Knarvik. Det vil også ta mange år med bygging før det er tilstrekkeleg grunnlag for ein barneskule på Flatøy, og då vil alle elevar som bur der, ha rett på skuleskyss til skulane på Frekhaug og i Knarvik. Også det må vi ha økonomi til.

4. Alver er ein ung kommune

Sidan Alver er ein ung kommune, faktisk nyfødd, er det mykje som skal lærast dei neste åra. Då er det lite smart å satsa på stor utbygging på Flatøy. I staden må det leggjast vekt på å utvikle gode samfunnsstrukturar i den nye kommunen, byggja opp under den infrastrukturen vi alt har, og sjølvsagt satsa på dei område- og utbyggingsplanane som alt er godkjende. Det er ikkje noko godt argument at det har vore planar frå 1970-talet. Då var heller ikkje Knarvik ein tettstad/by. Konklusjonen vår er difor at vi ikkje treng utbygging på Flatøy no, og at planframleggget må leggjast bort.

Vedlagt dokumentliste

Høyringsinnspele.docx

Høyringsinnspeil – Områderegulering for Midtmarka og Rotemyra

Det er mange gode kvalitetar som er skildra i planframleggelsen for Midtmarka og Rotemyra, og det manglar ikkje på positive formuleringar i planframleggelsen. Sjølv det som er direkte negativt, som påverknad på friluftsliv, blir kalla «litt positivt», og det vert framstilt som om det kjem til å gå dårleg med kommunenesenteret Knarvik om ikkje Midtmarka og Rotemyra på Flatøy vert bygd ut. Av ulike grunnar er vi heilt usamde i den framstillinga.

1. Vegen til Håøy er halve turen

Sjølv om planframleggelsen viser ein såkalla «korridor» rundt stien frå parkeringsplassen på Flatøy til Håøy, vil eit buområde like ved påverka på mange måtar. Det er planlagt inn ein veg som skal kryssa stien, og bustadområda ligg like opp til «Skøytedammen» som i dag er ei roleg perle langs stien. Å gå på tur er ikkje berre å ha sti under føtene. Det er også naturopplewinga som lokkar. Også 500 bueiningar vil påverka dette enormt. Til samanlikning er det åleine 50 % av den bustadmassen som i dag er i Knarvik. 3000 bueiningar er tre gonger meir enn det er i Knarvik i dag...

2. Knarvik og Frekhaug er viktige tettstader

Per februar 2020 er det altså under 1000 bueiningar i Knarvik, men planane for Knarvik opnar for mange fleire bustader i dette området (ca. 2500). I Frekhaug-området har det vore ei stor utbygging dei siste åra, og det er meir under planlegging. Om ein reknar at det bur 2,5 personar i kvar bustad, vil ein berre i dette området ha meir enn nok plass til den folkevoksten ein reknar med skal koma i heile Alver dei neste tiåra. På bakgrunn av dette er det direkte feil når det i planframleggelsen blir hevda at utbygginga på Flatøy er ein føresetnad for utvikling av Knarvik som eit attraktivt og konkurransedyktig knutepunkt i Nordhordland.

3. Flatøy er ei øy med tre bruer omkring

...og i følge Statens Vegvesen skal det bli minst fire når E 39 blir utbygd, eit prosjekt som både i utbyggingsfasen og etter utbygging vil ha store konsekvensar for nærområda. Dersom Midtmarka og Rotemyra skal bidra til å byggja ein samanhengjande bystruktur frå Mjåteit til Gjervik eller Alversund, blir det i alle fall ikkje samanhengjande slik vi tradisjonelt forstår dette ordet. I staden vil det bli ein ny tettstad i konkurranse med dei to som alt er der, og ein må byggja opp ein heilt ny infrastruktur. Dette er veldig krevjande, og alle som har hatt noko med offentlege bygg å gjera, veit at ein eventuell ny skule på Flatøy ligg langt fram i tid. Før den tid skal det byggjast ungdomsskule på Frekhaug, og truleg må det byggjast ut i Knarvik. Det vil også ta mange år med bygging før det er tilstrekkeleg grunnlag for ein barneskule på Flatøy, og då vil alle elevar som bur der, ha rett på skuleskyss til skulane på Frekhaug og i Knarvik. Også det må vi ha økonomi til.

4. Alver er ein ung kommune

Sidan Alver er ein ung kommune, faktisk nyfødd, er det mykje som skal lærest dei neste åra. Då er det lite smart å satsa på stor utbygging på Flatøy. I staden må det leggjast vekt på å utvikla gode samfunnsstrukturar i den nye kommunen, byggja opp under den infrastrukturen vi alt har, og sjølv sagt satsa på dei område- og utbyggingsplanane som alt er godkjende. Konklusjonen vår er difor at vi ikkje treng utbygging på Flatøy no, og at planframleggelsen må leggjast bort.

Knarvik, 17.02.2020

Sæbjørg Hageberg og Ole Kjeka, Knarvik